# Kystsogevekene 2000



Foto: Tourist Photo, Willy Haraldsen

SpareBank 1 Vest

HORDALAND FYLKESKOMMUNE

Stiftinga Kystsogevekene

Kystkultur -
tradisjon og utvikling...

# Kjære publikum og alle medarbeidarar



Vi når kvarandre på sekundar, og teknologien kjenner nesten ingen grenser. Overfører og brukar vi teknologien i medisin og matproduksjon er det til velsigning for mennesket.
Men samstundes som det ukjende vert kjent – så leitar vi etter linjer og vegar attende i tid. Kystsogevekene vil også vere ein aktiv medarbeidar for alle som ryddar på attgrodde stiar – for alle som trur at linjene i historia er både nyttige og motiverande og at dei gjer oss trygge.

Det er altså ingen motsetnad mellom den grense-sprengjande teknologien og kjennskap til og kunnskap om den menneskeskapte soga som stegvis har ført oss fram til dagen i dag.

«Jamvel i ein selapinne-sette dei seg sjølv eit minne» Det ligg ei tidlaus kultur-soge i desse orda av Aukrust. Og dei fortel kort om sider ved den ideologien som er drivkrafta i Kystsogevekene. For vi veit alle at «flygande fugl set ikkje spor».

Kystsogevekene lever fordi vi alle deler den same soga. Og i år er byen vår - Bergen - europeisk kulturby.

Samarbeidet mellom Kulturby Bergen og Stiftinga Kystsogevekene skulle ha i seg kimen til nye etappesigrar, til nye gevinstar i det alltid evige brytningspunktet mellom fortid, notid og framtid.

Vel møtt til Kystsogevekene 2000.

Ragnhild Randal

Ragnhild Randal
dagleg leiar

# Styret

| | |
|---|---|
| **Representantskapen sin ordførar** | **Lorentz Lunde** |
| varaordførar | Steinar Olav Namtvedt |

**Styret:**

| | |
|---|---|
| Nordhordland og Gulen | Vilgerd Storset Husa |
| Bergen og Omland | Geirmund Dyrdal |
| Sunnhordland | Inge Bjarne Storebø |
| Hordaland og Bergen Reiselivsråd | Tryggve Fitje |
| Hordaland fylkeskommune | Oddvar J. Jensen |
| 1. vararepresentant | Solbjørg Åmdal Sandvik |
| 2. vararepresentant | Ove Bjarne Hindenes |

**Styreleiar:** Tryggve Fitje




Stiftinga Kystsogevekene

# Håkonarspela 2000

## Bergenhus Festning 5. og 6. august kl. 15.00

*Av Johannes Heggland*

*Musikk: Jostein Stalheim, Knut Vaage*

*Regi: Otto Homlung*

*Dirigent: Anne Randine Øverby*

*Produsent: Stiftinga Kystsogevekene*



*Foto: Linbjørg Sæterdal*

B BILLETT SERVICE

**Billettar i Frescohallen, på posten: tlf. 815 33 133 og ved inngangen.**

Kystkultur - tradisjon og utvikling...

## Bergen vest

Laksevåg er bydelen som ligg mot vest, mellom Puddefjorden og Raunefjorden. Bydelen har ca. 35000 innbyggjarar og er den nest største i Bergen. Midt i bydelen ligg Lyderhorn med sine godt synlege 395 m.o.h. Lyderhorn har sidan 1000 talet vore viktig når ein skulle varsle om krigsskip på veg mot Bergen. Varden blei tent på fjellet og lyste lang veg. I følgje gammal overtru var det på Lyderhorn heksene kvilte på ferda mot Blokksberg, og det var her dei feira St.Hans-natta. Marinebasen Haakonsvern ligg i Mathopen og er ein av dei største verksemdene i Laksevåg. Håkonarspelet «Håkon Adalsteinfostre» har til no hatt sin spelplass på Haakonsvern. Dei fire ulike Håkonarspela er dette året skrive saman til eitt stort spel som fortel om livet til Håkon den Gode frå «vogge til grav». Dette spelet opnar Kystsogevekene 2000. «Håkon Adalsteinfostre» vert difor i år framført saman med spela frå Gulen, Seim og Fitjar 5. og 6. august på Bergenhus Festning og vert såleis ein naturleg del av samarbeidet mellom Kystsogevekene 2000 og Kulturby Bergen 2000.



*Frå Håkonarspelet 1999.*

## Alvøen og Gullaksdalen

Alvøen er ein av dei eldste industristadene i Norge. Staden er kanskje best kjent for papirproduksjon, men der har og vore anna verksemd. I 1620 vart det bygd kornmølle der, noko seinare kruttmølle, og først i 1797 starta papirproduksjonen. I 1858 blei det siste kruttverket sett opp i Gullaksdalen. Ulike fundament frå dette står framleis att og vitnar om både busetnad og aktiv produksjon. Alvøen og Gullaksdalen eignar seg godt til søndagsturar. Kart med nedteikningar over kulturminna kan ein få ved å henvende seg til Laksevåg kulturkontor, tlf. 55 56 29 40. Stiftinga Alvøen Hovedbygning har i dag status som museum og ligg under forvaltning av Vestlandske Kunstindustrimuseum.

## Håkonshella

Håkonshella ligg mellom Vatlestraumen i sør og Alvøenpollen i nord. «Hella» tyder «eit lavt berg eller fjell», og namnet Håkon har staden fått etter Håkon den Gode, som vart født og døydde på «Hella». Det er reist ein bautastein om vikingkongen på plassen. Håkonshella ligg i landlege omgjevnader omtrent 20 km frå Bergen sentrum. Freistar de med ein fisketur eller annan friluftsaktivitet, er området rundt «Hella» veleigna med si spanande historie og sin vakre natur.

# Damsgård

Dersom ein reiser sjøvegen innover mot Bergen, kan ein sjå Damsgård Hovedgård med sin elegante kvitmalte rokokko fasade, skine i bakkeskråninga ovanfor Laksevåg kyrkje. Slik har bygningen trona i over 200 år og ønskt bymann og stril velkomen til Bergen og Laksevåg. Damsgård Hovedgård er bevart slik han var på 1700-1800 talet og er ein av dei best bevarte rokokkobygningane i Nord Europa. Huset er i dag museum og ligg under forvaltning av Vestlandske kunstindustrimuseum. Museumsanlegget inneheld forutan bygningar, ein hage som er freista gjenskapt med sine opprinnelege vekstar frå 1780-åra.

# Laksevåg Kultur-historiske forening

Laksevåg Kulturhistoriske forening vart stifta i 1987. Laget driv Laksevåg lokalmuseum som ligg i ein gamal tyskerbunker på Laksevåg. Museet si samling inneheld mange tusen bilete og gjenstandar som m.a. viser gamal industri og arbeiderhistorie frå staden. Laget har og tatt vare på fleire gamle verneverdige bygningar.

*Informasjon.:*
*Rolf Zakariassen*
*tlf. 55 34 50 94.*



*Damsgård Hovedgård.*



*Dokkefergen: Laksevåg Kultur Historiske Forening.*

## PROGRAM:

### Laurdag 5. aug:

Offisiell opning Kystsogevekene 2000 **kl.1500.** Håkonarspelet 2000 på Bergenhus Festning **kl. 1500.**
Nordsteam 2000 Bergen, program i og rundt Vågen heile dagen.
Ta båten til by'n «Atløy» går frå Bjorøy **kl. 08.00** frå Brattholmen **08.30,** Alvøen **08.45.**
Pris vaksne 50,-, born 30,-

### Sundag 6. aug:

Håkonarspelet 2000 på Bergenhus Festning **kl.1500.**
Nordsteam 2000 Bergen, program i og rundt Vågen heile dagen.

### Onsdag 9. aug:

Gamaldags bedehuskveld i Vassenden bedehus **kl. 19.00-21.00.**
Informasjon: Jan Henry Jensen tlf. 56 38 20 49.

### August

Laksevåg Lokalmuseum.
Ope sønd.til 3. sept.
**kl. 11.00-16.00.**

### Juni – august

Dokkefergen går kvar laurd. i mellom Sukkerhus- bryggen i Bergen og Larsabryggja på Laksevåg. Billettpris kr. 20,-.

### Mai – september

Alvøen Hovedgård. Ope kvar sønd. **kl. 11.30-16.30.** Avtale utanom opningstidene kontakt Vestlandske Kunstindustrimuseum tlf. 55 32 51 08.

Damsgård Hovedgård. Ope **tirsd. til sund. kl. 11.00-16.00.**
Avtale utanom opningstidene same som for Alvøen.

Os ligg ved Bjørnefjorden, der kyst- og fjordlandskapet møtest. Os kommune er næraste granne til Bergen, og her bur nær 14 000 menneske. Osøyro er strandstaden som har vakse til ein moderne bygdeby. Siste tiåret er det satsa mykje på å gjera bygdesenteret vakrare, mellom anna med å få fram att noko av det gamle strandstadpreget.



*Sommar på Osøyro. Foto: Helge Haukeland*

## *Handverket frå vikingtida*

Båtbyggjarsoga er like gammal som busetnaden langs kysten vår. I ubroten line har handverkskunnskapen gått frå far til son gjennom hundreåra like fram til i dag. Båtar vart bygde i alle bygder, men i somme bygder utvikla handverket seg særleg langt, og båtbygginga heldt fram lenge etter at handverkskunnskapen hadde døydd bort andre stader.
Ei av desse bygdene er Os. Oselvaren er ein av svært få båttypar der ein framleis har båtbyggjarar som kan heile handverket fullt ut. Båten vart utvikla gjennom tidene i eit nært samspel mellom byggjar og brukar: Fiskaren kom i naustet til båtbyggjaren og fortalde kva båt han trong, om bruksområde og farvatn, og båtbyggjaren bygde båten nett slik at han høvde til føremålet. Dette var den beste garantien for at pruduktet som vart utvikla vart det beste ein kunne få.

## *Oselvar-verkstaden*

Oselvarverkstaden ligg ved munninga av Oselva, som også har gjeve båttypen namn. Om båtbyggjarane i Os heldt det gåande lenger enn andre stader, hadde det nær på vorte slutt her òg. Osingane tykte det var for ille om den kunnskapen som var utvikla og oppsamla gjennom 1500 år, skulle skuslast bort i vår generasjon.

Oselvarverkstaden vart bygd og dei siste, aktive båtbyggjarane vart tilsette i 1997. No er godt og vel fire årsverk knytt til verkstaden.

## *Oselvaren i kvardag og helg fredag 1. -sundag 3. september*

Avslutningstilskipinga i Kystsogevekene for Bergen og Omland skal vera i Os, og naturleg nok vil oselvaren vera det samlande temaet. Fiskebåten og kyrkjebåten, båten du kan segla, og båten du kan ro, eller kanskje berre ha nytinga av å sjå på.



*På kyrkjeveg. Foto: Helge Haukeland*

Vandring på gamle kyrkjevegar er eitt av programdelane i denne tilskipinga. Også her kjem båten i fyrste rekkje. I tusen år har folk her til lands reist til kyrkje, men berre siste 100 til 150 åra har vegen gått over land i nemnande grad. Sjøen var vegen fram til vår næraste fortid. Oselvarverkstaden vert open for dei som ynskjer å sjå korleis båtar vert bygde, og elles vert det aktivitetar på sjøen og ved sjøen for store og små.



*Oselvarverkstaden. Foto: Vidar Langeland*

## PROGRAM:

### Fredag 1. sept:

Fiskekonkurranse frå båt med dorg og harpesnøre. **Kl. 17.00-20.00.**

### Laurdag 2. sept:

Torgdag på Osøyro, gratis frukost. Bilfritt sentrum. Ymse frivillige lag har stand på Osøyro.
**Kl. 09.00-15.00.**

Ope hus på Oselvarverkstaden med utstilling, foredrag, film osb.
**Kl. 12.00 - 17.00.**

Oselvarmønstring. Så mange oselvarar som mogleg, med eller utan segl, samlast i elveosen. Båtutlån til folk som ynskjer å ro eller segla. Instruksjon. Særskilt tilbod til born og familiar med born. **Kl. 12.00**

Roregatta. Kapproingsbåtar og standardbåtar. Kort bane for born.
**Kl. 14.00-17.00.**

Barneteater i Fjellheim. **Kl. 16.00.**
Konsert og bryggjedans.
**Kl. 20.00 - 24.00.**

### Sundag 3. sept:

Vandring på gamle kyrkjevegar, sjø og land. **Kl. 09.00-12.00.**

Gudsteneste i Os kyrkje.
**Kl. 12.00.**

Seglregatta. Konkurransebåtar og standardbåtar. **Kl. 14.00-17.00.**

# Osterøy

BERGEN OG OMLAND

## Kulturøya

Osterøy, den store innlandsøya i Sør-Noreg, ligg omkransa av Osterfjorden og Sørfjorden. Her kan du oppleva alt frå høgfjell til frodige fjordbygder. Fjell og dalar opnar for varierte naturopplevingar og aktivitetar. Ein rundtur på Osterøy gjev deg høve til å oppleva eit spennande kulturlandskap. Me inviterer deg til å leggja turen innom Havråtunet, Osterøy museum, slektsgarden til Ole Bull på Valestrand og Hamre kyrkje.



*Asbjørn og Thorunn desember 1999.*

## Havråtunet

Her merkar du atmosfæren frå gamle dagar. Havråtunet er eit av dei best bevarte fellestuna på Vestlandet. Det ligg som ein liten landsby i det brattlendte fjordlandskapet på sørsida av Osterøy mellom Osterøybrua og Bruvik. Her finn du eit kulturlandskap der tradisjonelle driftsmåtar og gamle byggjeskikkar vert haldne i hevd. Du kan tydeleg sjå korleis dei delte området inn i teigar etterkvart som gardane vart stykka opp. Tunet er i privat eige.



# Osterøy Museum

Museet som ligg på Gjerstad mellom Osterøybrua og Lonevåg, har godt bevarte samlingar frå bygdene i indre Nordhordland. Heimvikstova, som er eldste huset, og det staselege Fjellskålnesloftet er begge frå 1600-talet. Museet har elles ei stor samling vogner og reiskap for hest.



*Foto: Inger Aarheim.*

## PROGRAM:

### Sundag 20. aug:

«Mat frå fjorden – frå kokegrop til grilling». Demonstrasjon i samarbeid med Fossen AS. Utstilling er open frå kl. 12.00. Sundagskafe med stompekake og kaffi/te/Saft. **kl. 14.00 - 18.00.**

### Osterøy Museum

Museet er ope månd.-fred. **10-15.** Sund. **12-18**, sundagskafe med spesialiteten stompekaker. Utstillingar: «Brakje – Osterøyplanten», «Før i tida –»

### Havråtunet:

Ope tysd., onsd. og sund. **12.-15.**

# Øygarden

BERGEN OG OMLAND

## *Eit eventyr mellom fjord og fjell*

Få kommunar kan syne til like stort mangfald av energikjelder. Øygarden har ei rik kulturhistorie – men og ei rivande industriutvikling, særleg innan olje og gass. Gode høve for nyetableringar i Kollsnes næringspark. Fantastisk natur der ein finn alt frå det barske, karrige til det frodige, lune. Øygarden er eit ypparleg reisemål – anten ein er interessert i fiske, natur/kulturopplevingar, eller industrietablering.



*«Tjeldstø ein dag i mai» Foto: Bjørg Christophersen*

## *Kystmuseet i Øygarden*

Eit økomuseum som ligg ved det idylliske naust-miljøet i Ovågen. Museet har ei fast utstilling kalla: «Havets sølv og svarte gull», som tek for seg Øygarden si natur- og ressurssoge gjennom 10 000 år. I tillegg har museet sjøhus og tre naust med fiskeribåtutstilling, ein triveleg kafé med ein lun uteplass og eit auditorium der ein kan sjå filmar frå Øygarden.

## *Alvheim kai.*

Påmelding til fiskefestivalen til Kari Fjeldstad tlf. 56 38 90 33.



*Ovågen ved Kystmuseet. Foto: Bjørg Christophersen*

# *Kystkulturdag – Havstril 2000*

– «Stril i 100», er ei humoristisk reise med færing og gass – attersyn på liv og leven i Øygarden, med Dampen amatørteater, skuleelevar, Mannskoret Ljom og kystmuseet. Konsert og kulturprogram med Kjersti Wiik, Jan Spurkeland og Harald Dahlstrøm. Kapproing på Vågen. Norsk Tradisjonsfisk – tradisjonell matkultur.

## PROGRAM:

### Laurdag 5. aug:

Nordsteam 2000 «Ekskursjon» til Øygarden.

### Laurdag 19. aug:

Alvheim kai. Fiskefestival for born og vaksne. **Kl. 13.00-16.00.** Dans med trekkspelmusikk og rekefest **kl. 20.00-02.00.**

### Sundag 27. aug:

Kystmuseet i Øygarden. «Stril i 100», konsert og kultur- program, kapproing osb.
**Kl. 12.00- 17.00**

### Kystmuseet i Øygarden

Utstillingar:
«Hav og vind - jord og eld» Øygarden si energi og ressurssoge gjennom 10 000 år.
**9.april - 31.des.**

«Born ved havet» - 100 år med leik og arbeid i Øygarden
**19 mai - 30.sept.**

«Eg rodde meg ut» - naust - båt - fiske **18.juni-30.sept.**

Ope sund. **kl. 12.00-17.00,** tirsd. - laurd. **kl. 11.00-15.00** under Kystsoge- vekene. Billettpris: Vaksne kr. 30,-, Born kr. 10,-.

# Austevoll

SUNNHORDLAND

Langt ute i vest, der landet møter sjølve storhavet, ligg Austevoll, eit lokalsamfunn basert på fiske og fiskeoppdrett med til saman 667 store og små øyar. Her er det 4300 innbyggjarar fordelt på 10 øyar. Austevoll er i dag ein av dei leiande fiskeri-kommunane i verda og ein av dei aller største oppdrettskommunane i landet. Mellom Selbjørn og Stolmen strekkjer verdas lengste fritt-fram-bru seg (hovudspenn 301 m.).



*Bakkasund: Foto: Helge Andre Njåstad*

## Bakkasund

Bakkasund på Storekalsøy lengst nordvest i Austevoll har lange tradisjonar for handel, fiske, losing og småbruk. Her er eit rikt miljø med kyst-museum og landhandel med småbåthamn. På Storekalsøy er kolera-kyrkjegard, loshytte, kapell og naturleg amfi på Skansen mot storhavet. Loshytta vert opna etter avtale. Frå denne kan du m.a. sjå Marsteinen fyr og havet. Delar av Nordsjøløypa går over Storekalsøy, informasjon om løypedelen er utarbeidd.

## Kvalvåg

Kvalvåg på øya Stolmen, lengst sørvest i Austevoll, er ein gamal og tradisjonsrik handelsstad. Her er stor bygningsmasse med m.a. trelastlager frå 1890-åra på nære 2.000 m², brennevinsbu frå 1700-talet, bustadhus frå 1830-åra og naust under restaurering. Her er eit flott kaianlegg. Her er ein stor løebygning frå 1892 og andre uthus. Her er gammal kyrkjegard og kyrkje. Møkster kyrkje frå 1892. På Stolmen er restar etter steinalderbuplassar og krigsminnesmerke, store naustmiljø, vakre murar, kulturlandskap m.m.



*Kvalvåg. Foto: Leo Thomassen*

# Bekkjarvik

Bekkjarvik på Selbjørn har lange tradisjonar som hamn, handels- og gjestgjevarstad. I fyrste helvta av hundreåret var Bekkjarvik ein viktig industristad med stor tønnefabrikk og sildesalteri. Staden er i dag ein viktig base for fiskeri. Her er gjestgiveri i drift, butikksenter, bibliotek, skule- og kulturbygg, idrettsbane, kyrkje frå 1898 og mange eldre og moderne bygningar i svært god stand. Staden er i dag eit spennande reisemål.



*Bekkjarvik torg ligg idyllisk til saman med det tradisjonsrike Bekkjarvik Gjestgiveri. Her er også ei framifrå gjestehamn.*

**Leo Thomassen**
*tlf. 56 18 28 99/91 68 51 98*
Kvalvåg

**Unn Kalve**
*tlf. 56 18 31 90 / 56 18 31 27*
Bakkasund

**Karl Oav Kalvenes**
*tlf. 56 18 01 46 / 56 18 43 63 / 95 05 33 73* – Bekkjarvik



*Askøystrilane. Foto: Helge André Njåstad*

## PROGRAM:

### Laurdag 5. aug:
Kvalvåg. Dampskipet Bohuslän kjem, teaterframsyning, mat, sosialt samvære.
**Frå kl. 17.00.**

### Sundag 6. aug:
Kvalvåg. Gudsteneste, omvising i Kvalvåg og i forskjellige naustmiljø på Stolmen, marknad, kunstutstilling, sal av rømmegraut og spekemat, open kafe i «Sigurd'n».
**Kl. 11.00-16.00.**

### Sundag 20. aug:
Øyhopping «nordturen»: Hufthamar, Storekalsøy, Hundvåkøy, Hufthamartunet, Kolbeinshamn, Hufthamar. Retur via Bakkasund, Hundvåkøy, Møkster, Litlakalsøy og Hufthamar. Omvising, mat, underhalding, sosialt samvære.
**Kl. 09.45. til 17.30.**

### Laurdag 26. aug:
Bekkjarvik. Handelsstanden skipar til torgdag. **Kl. 09.00-15.00.**
Musikkspelet «Hamp og Havstril i Hengjo» m.a. med Jon Eikemo og lokale krefter.
**kl. 18.00 og 21.00.**

### Sundag 27. aug:
Bekkjarvik. Friluftsgudsteneste på Skjeret **kl. 11.00.**
Øyhopping «Sørturen». Guida tur med «Granvin» sørover i Austevoll kommune. Omvising, mat, underhaldning, sosialt samvære.
**Kl. 12.30-17.00.**

# Informasjon:

**Marianne Eskeland**
*tlf. 56 18 03 00* - Øyhopping, Bakkasund, Bekkjarvik

# Bømlo

SUNNHORDLAND

Bømlo er Sunnhordland sitt ytterste vern mot eit storhav i vest som gir arbeid og kvile, sorg og glede til 10 700 innbyggjarar på dei mange øyane kommunen er sett saman av. Øyriket er eit eldorado for båtfolk og fritidsfiskarar, for kulturinteresserte som søkjer opplevingar tufta på gamle og rike tradisjonar innan fiske, maritim industri og kristne verdiar. Gull, hav og stein er viktige opplevingselement du får med deg når du vitjar Bømlo.



*Båtkonvoien i Brandasund 1999. Foto: Laila Johnsen*



*Sommerhavn på Espevær. Foto: Kari Larsen*

## Espevær

Tenk deg ein stad der ein kan vandra rundt mellom frodige hagar, segla gjennom trange sund, eller ankra opp i ei roleg havn medan havet brusar i Vest. Bli med ein tur til Espevær, ei perle ytterst i Bømlafjorden.

## Sønstabøvågen

«Indenfor det bekjendte, farlige Sund, Bremsund kaldet», ligg den gamle handelsstaden Sønstabøvågen; på 1800-talet ei sentral hamn på vestsida av Bømlo, i dag ein stille våg utanfor travle ferdslevegar. Våren 1808 vart det bygd ei optisk signallinje frå Christiania til Bergen. På gode utsikts- punkt ved leia kom det opp signalstenger, i første omgang for flaggsignalering, seinare tok ein i bruk den såkalla klaffetelegrafen. Hovudstasjonen Sønstabøvågen er no rekonstruert, som den første i sitt slag langs bergensleia.

# Lykling

Ola Olsen Lykling heitte ein liten gut som medan han gjette sauer i utmarka, fann det fyrste gullet på Lykling. Tjue år seinare fann ein gull i «Storhaugen Grube». Dette utløyste eit «gullrush» utan sidestykke i Noreg. Bli med Sunnhordland Guideteneste på gruvevandring og få høyra historia om det «magiske» gullet og kva som gjekk føre seg her ute for over 100 år sidan.



*Frå Bømloteateret sitt oppsett: «Gullgravere»*

# Brandasund

Brandasund er ein gamal handels- og gjestgjevarstad frå 1600-talet. Staden har ein særprega busetjing, samanklemt mellom fjellknausar i sjøkanten.

# Moster Amfi

Kyrkjehistorisk senter i tilknyting til den finaste utescena i Nord-Europa og arena for årlege Mostraspel i mai/juni.

## PROGRAM:

### Laurdag 12. aug:

Brandasund. Torghandel, trekkspelmusikk. Fabrikkloftet er ope frå 12.00 til 01.00. Det vert servert tradisjonell kystmat fram til 21.00. Bømloteateret underheld kl. 21.00. Dans.Demonstrasjon og sal av brukskunst i Naustvika ullverkstad og steinsmie **kl. 10.00-17.00.**

### Laurdag 26. aug:

Sønstabøvågen: Offisiell opning av den atterreiste signalstasjonen frå krigsåra 1807-14.Opplev klaffetelegrafen i bruk og få kunnskap om kystsignala si rolle i kommunikasjonshistoria. Ved varden **kl. 15.00.**

### Sundag 27. aug:

Lykling. Bli med Sunnhordland Guideteneste på gullgruve-vandring. Du vil møta rallarane med sine rallarviser og sjå synlege spor av gruvedrifta. Velkommen. **Kl. 14.00.**

### Laurdag 2. sept:

Espeværsdagen. Baadeholmen: maritime aktivitetar, gamle motorar, fersk hellebakst, omvising i Baadehuset som er ope frå 11.30-17.30. Hummer-parken open 11.00-17.00, grilling av laks og sal av krabbe og røykelaks frå kl. 12.00. Biekronå kafe serverer tradisjonell kystmat frå 11.00-18.00. Om lag kl. 12.00 kjem båtkonvoien frå Langevåg. Gjestespel frå Fedje. Skalldyrbord og underhaldning om kvelden.

### 1- 3. sept:

Båtkonvoi. Påmelding og samling i Langevåg fredag kveld. laurdag morgon gratis frukostbord på kaien, turen går til Espevær og Espeværsdagen, sundag formiddag går konvoien vidare til Mosterhamn gjennom Kulleseidkanalen og Røyksund- kanalen. Båtrebus. Avslutning i Moster Amfi med stort kulturprogram og utdeling av premiar.

### Moster kyrkjehistorisk senter

Kvar dag frå 24.juni til 20.august **kl. 12.00-13.00.** Omvisningstider kvar heile time. Tinging av omvisning utanom opningstider, tlf. 53 42 66 20 mellom **kl. 10.30-14.00,** evt. telefax 53 42 99 74.

# Fitjar

SUNNHORDLAND

er eit idyllisk øyrike om lag midt mellom Bergen og Haugesund. Ein variert natur gir høve til rike naturopplevingar til fjells, til skogs og ikkje minst til sjøs. Blant øyar, holmar og skjer finn vi gamle handelsstader og gardstun, som frå gamalt av og fram til i dag har fungert som samlingsstader for fastbuande og sjøfarande. Fleire av dei gamle handelsstadene er framleis i drift.

## Håkonar-parken

Midt i Fitjar sentrum ligg Håkonarparken med statuen av Håkon den Gode, som fall på Fitjar i slaget mot Eirikssønene i år 961. Statuen er laga av bilethoggaren Anne Grimsdalen og avduka av kong Olav i 1961 under 1000- årsjubileet for slaget på Fitjar. Slaget på Fitjar er tema for Håkonarspelet som hadde urpremiere i Håkonarparken i august 1997. Dei fire ulike Håkonarspela er dette året skrive saman til eitt stort spel som fortel om Håkon den Gode sitt liv frå «vogge til grav». Dette spelet opnar Kystsogevekene 2000. «Kongen med Gullhjelmen» som dei siste tre åra har vore framført i Håkonarparken, vert difor i år framført på Bergenhus Festning saman med spela frå Gulen, Seim og Håkonshella 5. og 6. august og vert såleis også ein naturleg del av samarbeidet mellom Kystsogevekene 2000 og Kulturby Bergen 2000.



Foto: Per Egil Larsen

## «Forenings-kånene»

«Misjonsforeiningane si rolle i eit bygdesamfunn, med tanke på folkeopplysning og sosialt nettverk». Dette er eit prosjekt som starta i slutten av april med «restaurering» av «misjonsåkeren» og held fram utover sommaren med innsamling av gamle bilete og historiar frå dei mange misjonsforeiningane i bygda. Prosjektet munnar ut i ein temakveld onsdag 30.august.



Foto: Per Egil Larsen

# Smedholmen

er ei lita øy i Fitjarøyane, der Einar Matre og Terje Skorpen driv Smedholmen kyst- og naturlivsskule. Dei har fått Fitjar kommune sin kulturpris for arbeidet med å halda i hevd gamle tradisjonar. Flaggskipet er seglkutteren «Seladon» frå 1937, ei skute som er sertifisert for 35 personar og har overnattingsplassar om bord. Bl.a. skreddarsyr dei turar for bedrifter, lag, skular og andre grupper og ferieseilaser for private grupper.

*Smedholmen kyst- og naturlivsskule, 5419 Fitjar*
*Tlf. 53 49 74 32*
*Mobil: 945 06 980*
*Privat: 53 49 78 03*
*og 53 49 93 08*



*Seladon*





*Barna prøver kongestolen.*

## PROGRAM:

**14. – 19. aug:**
«Utvandring i 175 år». Ei reise med «Seladon» som er av same storleik som det første utvandringsfartøyet «Restaurationen». Reiseruta er: Bergen – Smedholmen – Bergen. Me er innom mange stader på turen, også øya Smedholmen der me deltek i dagleglivet attende i tida. Reisa tek 6-7 dagar. Same tur blir arrangert 10.-15.juli.

**Tirsdag 22. aug:**
Konsert i biblioteket.

**Onsdag 23. aug:**
Kulturkveld. «Mattradisjon og lokalmat i Fitjar». På Fitjar vid. g. skule.

**Torsdag 24. aug:**
Barneteater i biblioteket. Tradisjonsleikar ved Fitjar vid. g. skule.

**Onsdag 30. aug:**
Temakveld i biblioteket «Foreningskånenene». Utstilling, foredrag m.m.

**21. - 25. aug:**
Seladon ligg ved kai i Fitjar sentrum. Seglar turar med skuleklassar og institusjonar på dagtid, og bedrifter på kveldstid. Enkeltpersonar kan vera med frå kl.16.00-20.00, viss det er plass. Enkeltpersonar tingar plass dagen i førevegen på tlf. 94 50 69 80/ 53 49 93 08/53 49 78 03. Pris enkeltpersonar: 250,-

# Stord



***Stord, byen i Sunnhordland***
Stord er einaste byen i Sunnhordland, og senter for regionen. Her er knutepunktet for kommunikasjonane både innan og ut or Sunnhordland. Stord er største nynorskbyen i Noreg, og har trass landbrukstradisjonane sine utvikla seg til å bli Noregs største industrikommune med 5000 tilsette i offshorerelatert industri. Stord er for eit kompakt – Noreg å rekna. Kvar du enn er i kommunen, har du stranda og høgfjellet innan ein halvtimes biltur. På fjellet kan du gå på ski til påske, og i fjorden kan du bada, fiska og rekreera.

## Sunnhordland Folkemuseum

Sunnhordland Folkemuseum er distriktmuseum i Hordaland med kontor og samlingsbygg på Leirvik, Stord. Museet har fleire bygdetun. På Leirvik har vi faste utstillingar frå jordbruk, skogbruk, sjøbruk og førhistorisk tid, dessutan viser vi ei tekstilsamling og kunstnaren Torleif Agdestein si skulptursamling. Friluftsmuseet på Leirvik omfattar landbruksbygningar, to røykstover, ei lemstove, ei strandsitjarstove, ein skule, ei krambu og ei bu ved sjøen ved kyrkja, med husvære før møllaren.



*Tur i Hystadmarka.*



*Rommetveit elevar vitjar «Møllaren». Foto: Tutta Laukholm.*

# *Sagvåg - Jensaneset*

Det har vore sagt at i Sunnhordland har det vore bygd båtar i mest kvar ei vik og på kvart eit nes. Det er vel litt overdrive, men i Sagvåg høver utsegna godt. Her låg byggjeplassane tett i tett; Jensaneset, Breiavikjo, Vervatåno, Holmen, Skjeparvik, Eriksøyro og Tjøregrovneset. Der det var plass til å strekkja ein kjøl, der gjorde dei det. Nokre var i drift berre ein kort periode, andre i eit par mannsaldrar, medan det største, Ottesen Skibsbyggjeri på Jensanes, bygde båtar i nærare 150 år. Otte Ottesen starta med båtbygging på Jensanes i 1825. Ottesen Skibsbyggjeri bygde båtar til langt inn i 1950-åra, og selskapet eksisterer den dag i dag. No vert verven leigd ut til Sagvåg Båtservice som reparerer båtar og sel motorar og båtutstyr.

Området er godt bevart, og bygningane står i dag om lag slik dei gjorde på 1920-talet. Svært mykje av verktøyet og maskinane eksisterer framleis. Fleire av dei over 20 bygningane er restaurerte, mellom anna oppgangssaga. Smia er også om lag slik i dag som ho var på 1920-talet.

Sagvågen kystlag har vore heldig og fått leiga eit av husa på verven der ein har samla fleire gamle robåtar og ein 32 fots gavlabåt.



*I frå «Vervadagen 1999.*

## PROGRAM:

### Torsdag 24. aug:

Sunnhordland Folkemuseum. Tilskiping ute: «Der hav og land møtest. Liv og arbeid ved Frugardsberget rundt 1900». Tilskipinga vil levandegjera livet ved Frugardsberget; Mølle, sagbruk, sjoddyfabrikk og skipsbygging, med korsong, solosong, torader og dans, sceniske innslag, minikåseri og segner. Sal av tradisjonsfisk. Kafe i Møllebua, der det og er fotoutstilling. **Kl. 19.00** på Frugardsberget.

### Laurdag 26. aug:

Sagvåg. Vervadag på Jensaneset.

### Sundag 27. aug:

Friluftsgudsteneste på Verven v/ Reidar Ådnanes **kl. 11.00.**

### Sunnhordland Folkemuseum

Sommarutstilling: Omvising i Møllarhusværet ved kyrkja, m.a. med ei fotoutstilling som viser industriaktivitetane i dette området før, med sag, mølle, sjoddyfabrikk og skipsbygging.
Omvising ved museet: månd. tysd., torsd. og fredag kl. 10.00 til 15.30. Onsd. og sund. kl. 16.00 til 19.00 og laurd. kl. 10.00 til 13.00.

# Sveio

SUNNHORDLAND

Halvøya Sveio, lengst sør i Hordaland, ligg sentralt ved seglingsleio langs kysten. Flokavarden (seinare Ryvarden) har vore seglingsmerke i over 1100 år, og folket i Sveio har havet og sjøen både som matfat og arbeidsplass.



*St. Hans feiring på Ryvarden Fyr. Foto: Ellen Tveit*



*Kolerakyrkjegarden.*

## Kolerakyrkjegarden i Leirvåg

ligg langt frå folk og grend. Denne vart vigsla i 1849 då koleraepedemien herja på Vestlandet. Det er gravlagt 8 personar på gravplassen. Komponisten Fartein Valen født 1887, død i 1952, budde og arbeidde store periodar av livet sitt i Valevåg. I 1934 vart komposisjonen «Kirkegården ved havet» urframført. Tankane til Fartein Valen gjekk til denne gravplassen ved Valevåg.

*Adresse/kont. pers.:*
*5550 Sveio, Sveio Kom.*

## Hovda – Buavåg

Gullstivandring/torvdag.
Aktivitetsstad:
Gamle sjøhuset i Buavåg som er over 200 år gamalt. Sjøhuset vart brukt til sildesalting, bøkkerverksemd, butikk og bustad. Sentralt bygg i sildetida, særskilt i tidsperioden 1840 til 1870 og i gulltida 1870 –1880.

*Adresse/kont. pers.:*
*Gullkommune gruppen «Utsyn» v/Astrid Hovda.*
*5550 Sveio.Tlf.: 53 74 17 03.*

# Ryvarden fyr

eit landemerke i meir enn 1100 år. Der Ramna-Floke i år 869 blota og sette opp varde som vart heitande Floke-varden før han reiste til Island. Landets første kjente sjø og seglingsmerke. I 1849 vart det sett opp «fiskefyr». I 1861 vart den gamle Floke-varden riven ned og nytta til grunn på fyrbustaden. Den dåverande kjente fyrdirektør Dirik vart heilt forferda over nedrivinga av varden. I 1992 vart Galleri Ryvarden opna.

*Adresse/kontaktperson:*
*5550 Sveio. Sveio kommune.*
*Tlf.: 53 74 01 00.*



*Tittelsnes. Foto: Ellen Tveit*

# Tittelsnes

Tittelsnes var eit viktig kommunikasjonspunkt i kommunen vår. Det vart alt ifrå 1872 stoppestad for dampskip i leia mellom Bergen og Stavanger. Staden er også kjent for den gode «kastevågen». Det er restaurert ei sjøbu og eit naust i området. Det vart også bygt jekter der på 1800-talet, på 1900-talet vart det bygt stålbåtar. Vidare var det landhandelsplass, bakeri og posthus på staden. Desse er nedlagde no. Ein må også nemna at det vart teke ut mykje skifter i området frå 1800-talet fram til 1900-talet. Det er såleis mange hus i Sunnhordland som har «Valestrandshedla» på taket.

*Adresse/kontaktperson:*
*5554 Valevåg, Sveio kystlag*
*v/Martin Haugsgjerd,*
*tlf. 53 74 21 57.*

## PROGRAM:

### Sundag 20. aug:

Friluftsgudsteneste med forsangarkor og blåsegruppe på kolera kyrkjegarden i Leirvåg. Idylliske Leirvåg er eit friluftsområde, det vil såleis vera høve til å kunna bada og fiska etter gudstenesta.
**Kl. 11.00.**

Tittelsnes. Strandhogg på den gamle dampskipskaien. Ymse aktivitetar både på sjø og land. For heile familien. **Kl.16.00.**

### Fredag/laurdag 25. og 26. aug:

**Buavåg.** Skule/barne/familiedag med vandring langs gullstien. Utstilling av gamalt verkty innan sjøbruk i det gamle sjøhuset. Fokus på torv som var så viktig i daglelivet gjennom lange tider. Aktivitetar på sjøen. 25. august **frå kl. 10.00-12.00** for barnehagar og skular. 26. august **kl. 11.00-17.00** familiedag. Grilling og sal av mat

### Ryvarden fyr.

Debututstilling av maleri og linotrykk med kunstnaren Liv Staupe og Amalie Vermandere. Ein vil kunna oppleva historia om Ramna-Floke i den gamle løa ved fyret. Det er sett opp ny Flokevarde.
Opningstid: kvar sund.
frå **kl. 11.00 - 18.00.**
Open kafe.

# Tysnes

SUNNHORDLAND



Årbakka. Foto: Thorbjørn Kaland

Tysnes ligg i hjarta av Sunnhordland, og ber med seg det beste av både dei ytre og indre stroka - blankskura svaberg mot vest, fjell og furuskog over midten og «hardangerlandskap» med stupbratte fjellsider på austsida. Mellom desse ytterpunkta finst ein stor skjergard og eit flott fjellområde med toppar over 750 meter.



Årbakka, urtehagen. Foto: Thorbjørn Kaland

## Årbakka

Her ligg Årbakkavollen og Årbakka Handelsstad. På vollen er eit to tusen år gamalt gravområde med bautasteinar og restar etter gravrøyser. Den gamle handelsstaden vart bygd for hundre år sidan. Sjøbua er i dag utstillingslokale for Kunstlaget Njardarlog. Smio har Tysnes Kystlag sine utstillingar, og landhandelen står slik han var i tidlegare tider. Mafis Urtehage har meir enn 200 urter – mest krydderurter, men og nokre medisin- og fargeplantar.

Utstilling med Karl Erik Harr. Den kjende nordlandskunstnaren fyller 60 år i år, og han har hatt ei stor jubileumsutstilling på Galleri F 15 på Jeløya. Harr er spesielt kjent for sine maleri og grafikk med skildring av nordnorsk natur og folkeliv.

## Rekkjetunet

Rekkjetunet på Færavåg representerer ein gamal byggjeskikk. I gardstunet ligg bygningane i rekkje med fleire samanbygde hus. Den eldste delen av bygningane er frå 1599, og tunet er mellom dei best bevarte rekkjetuna på Vestlandet.

## Nedrevåge

Eit heilskapeleg og intakt bygningsmiljø og kulturlandskap som fortel om livet til storbonden på Vestlandet på 1800-talet. Dei fleste bygningane står slik dei gjorde for 150 år sidan.

*Nærare opplysningar hos: Kulturkontoret, Tysnes kommune, tlf. 53 43 70 21 eller Årbakka Handelsstad, tlf. 53 43 51 41.*



*Tysnesmytar – Åsne S. Søreide og Ingelin Røssland. Foto: Anne Magnussen.*



*Tysnesmytar – Ingelin Røssland og Andreas Holt. Foto: Anne Magnussen.*

## PROGRAM:

### Laurdag 12. aug:

Årbakka. Utstilling med Karl Erik Harr og Torunn Øvsthus - 9. juli til 13.aug. Foredrag om Norsk og Nordatlantisk Tradisjonsfisk. Foredragshaldar vil fortelje om og visa gamle konserveringsteknikkar og tradisjonsprodukt, og det vert vist bøkkerprodukt og gjeve smaksprøvar.

### Laurdag 19. aug:

Færavåg. Nattsvermarkonsert med kvedaren Åsne S. Søreide og musikar Torstein Hatlevik m.fl. **Startar kl. 22.00** med fakkelprosisjon frå Rekkjetunet til Stølstjødno, og her finn konserten stad.

### Laurdag 26. og sundag 27. aug:

Våge. KM for Oselvar Bermudaklassen.

### Laurdag 2. sept:

«Tysnesmyter - i gudinna sine fotspor». Skodespelar/ forfattar Ingelin Røssland og kvedaren/ songaren Åsne S. Søreide har forma eit spel som gjennom song, teater og dans gjev oss glimt frå fleire tusenårs tysneshistorie. Spelet er Tysnes kommune sitt Kulturby Bergen prosjekt. Laurdag **kl. 14.00,** og **kl. 18.00.**

### Juni-august

Årbakka. Området og husa er opne frå 9. juni - 13.august med skiftande utstillingar og arrangement.

# Austrheim

NORDHORDLAND

## *Frå steinalder til oljealder*

Historia om Austrheim fortel mykje om den utviklinga som har gått føre seg i kyststroka i Sør-Noreg, frå jakt og fangst for 5000-6000 år sidan til oljefordling i vår eiga tid.

Den som i dag tar turen gjennom kystlandskapet mellom Fensfjorden, Fedjefjorden og Lurefjorden, ser mange spor etter denne utviklinga. Her er buplassar frå steinalder, tufter frå vikingtida og mellomalderen, steingardar og sjøhus frå førre århundre, og ikkje minst oljealderen sine vegar, bruspenn og høgteknologiske installasjonar. Historia om Austrheim er historia om korleis mennesket formar og pregar landskapet i sin kamp for å ta i bruk naturressursane. I dag gjev oljeindustrien på land og hav flest arbeidsplassar for dei omlag 2600 innbyggjarane i denne vakre øykommunen.



*Fonnes. Foto: Østrem*



*Ruser og gamle fiskereiskapar høyrer med på Fonneskaien. Foto: Knut Risnes.*

# Fonnes

Kva er ei «pøtetrova»? Korleis såg eit ålebruk ut? Korleis spleisar ein tau? Kva gjer ein når ein skal klinka ein båt? Dette og meir til kan du få svar på ved å møta på Fonneskaien denne laurdagen. Det vert utstilling av gamle sjø- og fiskereiskapar og av gamle jordbruksreiskapar. Også denne gongen vil me freista lukka med å kasta den gamle landnota. Det vert sal av rømmegraut og suppe. Det vert og høve til å ta seg ein svingom til god musikk. Kystsogearrangementet på Fonnes-kaien held fast på tradisjonane, men det vert også lagt opp til nye overraskingar i årets arrangement.

**PROGRAM:**

**Laurdag 12. aug:**

Fonnes.Tema: «Det var ein gong...» Vi friskar opp at att gamle tradisjonar knytt til liv og levemåte i ei kystbygd. **Kl. 1000-1600.**

# Fedje

NORDHORDLAND

## *Øya vest i havet*

Fedje kommune ligg lengst nordvest i Hordaland, og er den vestlegaste kommunen i Noreg. Kommunen består av hovudøya Fedje og 125 mindre øyar, holmar og skjer. Folketalet er kring 700.

Fedje er ikkje Costa del Sol og ikkje den franske riviera. Her finst mange grå dagar. Storm, sjøgang og strie regnelingar er kvardagskost for oss som bur her. Men så - uventa og velkome - tørkar sola skyene bort. Så tagnar vinden, og så ligg Fedje med alle sine holmar og skjer bada i det store lyset. Og ingen stader er himmelen så stor som over ei øy i havet.

Du er aldri einsam her ute. Ver vår gjest, me bryr oss om deg. Prat med folket og lat oss læra kvarandre å kjenna. Me har enno tid til å vera menneske mot menneske.



*Aktørane i Fedje-spelet på Kræmmerholmen, 1997.*

## *Kræmmer-holmen*

Kræmmerholmen handels- og gjestgjevarstad frå det 17. hundreåret er ein av dei gamle privilgerte handels-stadene som pengesterke kjøpmenn i Bergen etablerte og dreiv. I 1842 vart ei ny handelslov innført. Denne gjorde slutt på dei gamle privilegia, og handelen på Kræmmer-holmen tok slutt i 1880-åra. No er Kræmmer-holmen restaurert og rehabilitert etter antikvariske retningslinjer, og framstår både som ein historisk og moderne gjestgjevarstad.
I sjøbua er der etablert eit enkelt kystmuseum kalla Fedjesamlingane. Der kan du gjera deg kjend med det som eingong fanst på Fedje, - slitet i kvardagen, dramatikken på havet og sosiale tilhøve i glede og sorg.
I tida 13.06. - 15.08. er samlingane opne kvar dag kl. 12.00 - 17.00 .

Fedjespelet hadde urframføring i 1997. Spelet er no utvida, og vert også i år framført på uteplassen på Kræmmer-holmen. Det viser litt av livet på handelsstaden og av samfunnslivet påFedje for 200 år sidan. Fedje teaterlag er aktørar, med Ragnhild Randal som instruktør. Klokkeslett for dei ymse aktivitetane vert kunngjort seinare.

# Hellisøy fyr

Hellisøy fyr ruvar mot horisonten, eit velkjent landemerke der det ligg på ei lita øy i sørvest mot Fedjeosen og storhavet. Hellisøy fyr vart tent i oktober 1855. Det runde støypejernstårnet har ei høgd på 33 meter og ei lyshøgd på 46 meter over havet. I 1954 fekk fyret elektrisk straum frå land. På denne tida vart og drifta lagt om, slik at familien til fyrvaktaren ikkje lenger skulle bu på fyrstasjonen. Fyret vart automatisert i 1989, og frå 1992 har stasjonen vore ubemanna. Under kulturminnestafetten i 1997 vart Hellisøy fyr - som det mest karakteristiske symbolet for Fedje – utpeika som Fedje kommune sitt kulturminne.



*Hellisøy Fyr. Foto: Øyvind Olsnes*

For informasjon om overnatting, turforslag, guiding og aktivitetar - ta kontakt med:

*Turistinformasjonen på Fedje, «Filialen», tlf. 56 16 43 20. fax 56 16 44 79, e-mail: filialem@online.no*

Ope måndag - laurdag kl. 10.00 - 17.00 , søndag kl. 12.00 - 15.00 .
Eller: *Nordhordland Reiselivslag, turistinformasjon, tlf. 56 35 16 01 fax. 56 35 21 60.*

**PROGRAM:**

**Laurdag 19. aug:**

Torgdag. Salsboder, aktivitetar og underhaldning Fedjespelet

**Juni-august:**

Fyrsafari til Hellisøy fyr laurdag og søndag kl. 1200-1500. Atterhald om dårleg ver. Elles etter avtale.

# Gulen

NORDHORDLAND

Heilt sørvest i Sogn og Fjordane ligg Gulen kommune som eit «bruhovud» til Hordaland. Kommunen har ein spennande natur med om lag 1500 øyar, holmar og skjer, og eit fastland med små dalføre som går på kryss og tvers i landskapet. Dei om lag 2500 fastbuande i kommunen fordeler seg ganske jamt i dei 4 skulekrinsane Brekke, Dalsøyra, Eivindvik og Byrknes. Spennet er langt frå dei ytste jomfruelege og nakne øyane mot Nordsjøen i vest, til dei frodige landbruksbygdene mellom dei ville fjella i aust, mot Stølsheimen.

## *Eivindvik kulturminne-område*

**Prestegardsstien** går langs den ruvande steingarden som omkransar innmarka på den gamle prestegarden. På turen kan du oppleve eit mangfald av kulturminne, t.d. to praktfulle steinkrossar som er 1000 år gamle, Gulen kyrkje og den gamle prestegardsbygningen.
**Niels Griis Alstrup Dahl (1778-1852)** prost og opplysningsmann, gjorde eit einestående godt arbeid på mange om-



*Prosten Dahl vaksinerar. Foto: Rossabø.*

råde, m.a. innafor skulevesen og opplysningsarbeid, helsestell, jordbruk og utskifting av om lag 200 jordeigedomar i Gulen. Dahl sin innsats vert gjort levande gjennom ein årleg temabasert Dahl-dag.
**Gulatinget** – Det fyrste landsdelstinget i Noreg og ein viktig grunnstein i oppbygginga av nasjonen etter rikssamlinga, vart skipa i Gulen ein gong før år 900 og halde her med årvisse samlingar til rundt år 1300. No har det lenge vore stille på tingvollane ved Gulafjorden. Men ei ny tid er i emning for Gulatinget. Håkon den Gode har med «Håkon Adalsteinfostre i Gula» funne attende; dei 3 siste åra har sogespelet vore framført på Flolid.
Dei fire ulike Håkonarspela er dette året skrive saman til eitt stort spel som fortel om Håkon den Gode sitt liv frå "vogge til grav». Dette spelet opnar Kystsogevekene 2000. «Håkon Adalsteinfostre i Gula» vert difor i år framført på Bergenhus Festning saman med spela frå Seim, Håkonshella og Fitjar 5. og 6. august, og vert såleis også ein naturleg del av samarbeidet mellom Kystsogevekene 2000 og Kulturby Bergen 2000.
Gulatinget har frå 1999 fått status som tusenårsstad for Sogn og Fjordane fylke.
Gulatingstaden på Flolid er under utvikling i eit vakkert og særprega kulturlandskap, og vil kunne markere Gulatinget langt utanom landet sine grenser.
Grunntemaet er det same som for tusen år sidan, men funksjonen er ny.



*Stampa på Takle.*
*Foto: Mona Nyland Elnes.*

# Gulen fiskarbondemuseum på Byrknesøy

Heilt fram til etterkrigstida var fiske og jordbruk i kombinasjon den vanlege levevegen på kysten. Gulen fiskarbondemuseum i Barvågen som inneheld eit autentisk fiskarbondebruk frå førre hundreåret, vil gjera denne soga synleg og levande. Museet har fleire båtar og ei fin samling gamle gjenstandar, og er utgangspunkt for årlege kystkulturmønstringar. I år har museet ei utstilling med tema handarbeid, og syner også ei samling med eldre bilete frå Mjømna.



*Gulen Fiskarbondemuseum, Byrknesøy*

# Restaurert vassbrukmiljø på Midt Takle

I kulturminneåret 1997 vart stampa på Midt Takle kåra til Gulen kommune sitt kulturminne. Ei stampe er ein bygning som vert nytta til framstilling av filt/vadmål. Stampa der berre murane stod att, inngjekk i eit kulturhistorisk vassbruksmiljø som også omfatta eit gamalt kvernhus. Kvernhuset vart sett i stand i 1996/97, og stampa vart bygd opp att på dei gamle murane i 1998/99 med stønad frå kommune og stat (STILK-midlar). I Kystsogevekene 99 var det storstilt opning av stampa og vassbruksanlegget.

Kystsogevekene i Gulen vil innehalde ei rekkje arrangement i heile kommunen, m.a. toving av klede i restaurert stampe på Takle, utstillingar, fagseminar, rekebord og krabbefest. For informasjon om reisemåte, overnatting og aktivitetstilbod: *Reisemål Ytre Sognefjord og Dalsfjord, tlf. 57 78 43 42.*

## PROGRAM:

### Sundag 20. aug:

Eivindvik. Niels Griis Alstrup Dahl - dagen. Kulturvandring, fiskesuppe, utstilling, føredrag/dramatisering. Tema: Prost Dahl som stortingsmann. **Kl. 1300.**

Byrknes. Galeasen Svanhild siglar Florø-Bergen-Florø med innlagde stopp. Galeasen legg til på Byrknes, utstilling som er open for alle.

### Sundag 27. aug:

Sellevåg treskofabrikk er 100 år. Omvising i det freda kulturminnet. **Kl. 1300-1630.**

### Fredag 1. sept:

Eivindvik. Rettshistorisk seminar. Lukka fagseminar, påmeldingsfrist 15 juni.

### Laurdag 2. sept:

Eivindvik. Rettshistorisk seminar. Open dag med populærvitskapleg foredrag og diskusjon Mjømna. Krabbefest i Mjømna bygde- hus, kveldsarrangement med mat og musikk/dans.

### Sundag 3. sept:

Midt Takle. Open dag i restaurert vassbruksanlegg. Demonstrasjon av stamping/toving av klede, maling av mjøl, og sliping av reiskapar m.m. **Kl. 1300-1700.**

### 11. juni-10. sept:

Byrknes. Gulen fiskarbondemuseum. Omvising og opplevingar i verna sjøbruksmiljø. Utstilling. **Ope laurd. og sønd. kl. 1400-1700.**

### 5. aug. - 3. sept:

Kunstutstilling i Herresalen i Eivindvik. Tema: Gulenkunstnarar gjennom tidene.

# Vikingtid og strilekultur.

Vikingtid og strilekultur er stikkord for Nordhordland For tusen år sidan var bygdene våre sentrum for kongemakt. Vi veit at Harald Hårfagre hadde kongsgard på Seim, og Håkon den Gode er gravlagd der. Håkonshaugen er eit fint anlegg og eit minnesmerke over den første kristne kongen og over den åndskampen som gjekk føre seg i folket for tusen år sidan, kampen mellom heidenskap og kristendom. Færingen og kipa er bytt ut med bruer, bilar og ryggsekk, men heldigvis har vi Lindås sogelag og andre som veit å ta vare på det gamle og føra det vidare til nye generasjonar. Lindås er den største kommunen i området, med regionsenteret Knarvik, som eit naturleg knutepunkt for Nordhordland. I Lindås finn du vakker natur frå fjord til fjell. Hotell, feriesenter campingplassar byd deg husrom. Du kan padla, fiska og bada i sjø og vatn eller ta ei skogsvandring i den nordlegaste bøkeskogen i verda. *Du er velkomen!*



*Håkonarspelet på Seim.*

## Seim

Dei fire ulike Håkonarspela er dette året skrive saman til eitt stort spel som fortel om Håkon den Gode sitt liv frå "vogge til grav». Dette spelet opnar Kystsogevekene 2000. «Håkonarvarde» som dei siste tre åra har vore framført på Håkonshaugen, vert difor i år framført på Bergenhus Festning saman med spela frå Gulen, Håkonshella og Fitjar 5. og 6. august og vert såleis også ein naturleg del av samarbeidet mellom Kystsogevekene 2000 og Kulturby Bergen 2000.

Spelet fortel om Håkon den Gode sitt liv og den kampen han førde for å få folket i Noreg til å ta i mot Kvitekrist. Håkonshaugen, der Håkon den Gode er gravlagd, er vald til tusenårsstad i Lindås og er open for publikum. Grupper kan få spesial guiding etter avtale.

*Kontakt Stiftinga Håkonshaugen.*
*Tlf: 56 35 68 05*
*Mobil 958 07 113*
*Faks: 56 35 68 01*

# Ta dampen til byd`n

I samband med «Nordsteam» vert det sett opp ruter med veteranbåtar til Håkonarspelet på Bergenhus Fetning. Aktuelle ruter for oss:

**Laurdag:**
Frå Knarvik ca. kl. 09.30. Veteranbussar i retur kl. 19.30.

**Søndag:**
Frå Knarvik/Frekhaug kl. 13.00. Retur kl. 19.00.



*Lyngheisenteret på Lygra.*

# Lynghei-senteret på Lygra

Dei vidåpne kystlyngheiane har gjennom fleire tusen år vore Europa sitt ansikt mot Atlanterhavet. I dag er denne kulturarven etter fiskarbøndene sin ressursbruk i ferd med å forsvinna. Lyngheisenteret er den einaste staden i Europa der autentisk lyngheilandskap i aktiv drift er tilrettelagt for publikum og pedagogisk verksemd. Her finn dei besøkjande eit familievenleg turterreng med opparbeidde stiar og villsauer på beite heile året. På levande gardar er det høve til gardsbesøk og til å få oppleve både kulturhistoriske og moderne gardsdrift. Senteret omfattar også ei ubebudd øy med restane etter ein ødegard frå Svartedauden. Frå den moderne informasjons-bygningen organiserer me dagleg vandringar i landskapet med omvisarar, her er utstilling, film og matstove med servering av tradisjonskost.

## PROGRAM:

### Laurdag 5. august:
Nordsteam/Håkonarspelet i Bergen. Dampen går frå Knarvik **ca. kl.0930.** Retur frå Bergen **kl.1930.**

### Sundag 6. august:
Nordsteam/Håkonarspelet i Bergen. Dampen går frå Knarvik/Frekhaug **kl.1300.** Retur **kl.1900.**

### Sundag 20. august
Håkonshaugen på Seim. Jazz/visekonset i samarbeid med Strilajazz. M. a. vert det framført tekstar av Aslaug Laastad Lygre, Olav Dale, Kjersti Wiik m. fl. deltek **kl. 16.00.**

### Lyngheisenteret på Lygra
Ope: Sommarsesongen: Alle dagar **0900-1930.** Vintersesongen: Arbeidsdagar **0900-1700.**

# Masfjorden

NORDHORDLAND

## Djupe dalar, ville fjell

Masfjordnaturen er vekslande. Frå dei nakne skjera utmed Fensfjorden til det sundrivne fjell-landskapet tusen meter over havet, der dei første tunne armane av Haugsdalselva hentar vatn ut av snøfonnene. Er du båtmenneske, kan du vera for deg sjølv i eit avgøymd sund utanfor Risnes. Fjellturisten skal gå lenge før han går seg lei. Stordals-området har eit fint fjellterreng både sommar og vinter. Vass-kraft og havbruk er dei viktigaste næringsvegane, vasskrafta er berebjelken i heile Masfjordsamfunnet. Det bur ca. 1800 menneske i kommunen.



*Haugsvær - G.nr.47 i Masfjorden. Foto Gunnar Svein Haugsvær*

## Bjørn West museet

Bjørn West museet på Matre framstiller motstandsrørsla sitt virke under 2. verdskrigen. Ei spanande og interessant norsk krigshistorie med ei imponerande samling av autentiske våpen, utstyr og personlege effektar. Biletspel med norsk/engelsk/tysk tale.

Juli-august, månd.- fred. kl. 11.00- 16.00. Pris: vaksne kr. 30,-. Grupper (10 personar) kr. 20,-, born kr. 10,-. Tlf. museet 56 36 63 00. Jon Hope tlf. 56 36 62 39 eller Leidulv Solheim tlf. 56 36 60 14.

## Matre Hotell

Reist i 1911 og lagt ned i 1953. Det er funne sikre haldepunkt for at bygget har høyrt til gamle kjøbmannsstuen på Bryggen i Bergen. For omvisning kontakt Magnhild Rørtveit, tlf. 56 36 62 45 eller Ann Iren Hansen, tlf. 56 36 61 51. Enkel servering i tidsrommet juni – august.

## Trodal-samlinga

Bustad i austlandsstil frå 1820-åra. Omfattar om lag 700 gjenstandar frå bruket i Trodalen; jordbruksreiskapar, reiskapar for skogsdrift og stølsdrift, hushaldningsartiklar og mykje meir. 2. høgda har eit eige medierom med gamle avisutklipp m.a. frå frigjeringsdagen. Kontakt Olav S. Trodal tlf. 56 36 62 33. Omvising: Vaksne 30,-, barn 10-15 år 10,-, barn under 10 år gratis.



*Frå Bjørn-West marsjen. Kringlebotsvatnet, og delar av Klavefjellet, der dei siste kampane mellom tyskarane og Bjørn West stod.*

# Kvamsdal Fargeri

Fargeriproduksjon 1889-1954. Syner korleis ei industriell småverksemd for farging og handsaming av tøy og garn var bygd opp og vart driven. Komplett med utstyr og reiskapar. Ny dokumentasjonsvideo. Kontakt Masfjorden kommune v/Frode Vee-Haugen tlf. 56 36 51 00.

## PROGRAM:

### Laurdag 12. aug:

Torgdagane på Masfjordnes. Opning av Sandnes Båt Sjøbruksamling **kl. 12.00.** Torgdag på damskipskaien. Omvisning på fargeriet og kyrkjebåtstøene. Variert underhaldning. Utekafé og open kyrkje. **Kl. 13.00-18.00.** Kulturkveld på Sandnes bryggja frå **kl. 20.00.**

### Sundag 13. aug:

Torgdagane på Masfjordnes. Ope nothus og salsmesse **kl. 12.00-16.00.** Kurs i garnbøting m.v. i veka etter.

### Laurdag 19. aug:

Aktivitetsdagane i Indrefjorden. Kulturkafe på Matre Hotell. Omvising i Bjørn West-museet og Trodal- samlinga og Cruise til husmanns- plassen på Matresøya m.m. Stordalen Fjellstove, Matre havbruksstasjon, BKK-Matre og Einekavaneprosjektet har ope hus. **Kl. 1100-1600.** Kulturkveld med dans i Solheim grendahus **kl. 20.00.**

### Sundag 20. aug:

Bjørn West-marsjen frå Litle Matrestølen **kl. 10.30**, med buss frå Matre kl. 07.30-10.30. Omvising i Bjørn West- museet og Trodalsamlinga **kl. 11.00-1600.** Stordalen Fjellstove har ope hus. Kurs i veka etter.

### Laurdag 26. aug:

Aktivitetsdagane på Risnes. Orientering om Risnes kai, ekskursjon til oppdrettsanlegg, omvising i skule- museet, ope fiskemottak og sals- utstilling i Nordbygda samfunnshus m.m. **Kl. 11.00-16.00.** Kulturkveld **kl. 20.00.**

### Sundag 27. aug:

Friluftsgudsteneste ved Areklettsanden **kl. 11.00.** Øyvandring **kl.12.00-16.00.** Kurs i veka etter.

# Meland

NORDHORDLAND

## *Porten til Nordhordland*

Meland kommune er inngangsdøra til Nordhordland. Frodige Holsnøy, største øya i kommunen, har tett i tett med idyllar og historiske perler som minner om den gong då sjøen var ferdselsveg.



«Prat i gamal stove» 1999. Foto: Haldis Dokken Urdal.

## *Holmeområdet*

Holmeområdet var frå gamalt eit aktivt landbruksområde, der utmarka var ein viktig del av gardsdrifta. Dette kan ein sjå av hustufter, eldre ferdselsårer og noverande bygningar. Sveitsarhuset som er under restaurering, vil vise ei tosidig historie, både som gardshuset på Holme før utskiftinga og som feriebustad for fagforeininga Bergen Jern og Metall. Holmeknappen var i eldre tid ein sentral plass der det fanst damskipskai, meieridrift, post, butikk, bakeri, bøkkerverkstad og saltebu. Kystsogevekene 2000 vil fokusere på livet i Holmestova, sjøbruksmiljøet og bøkkerhandverket i Sjøbua samt livet på dampskipskaien. På hovuddagane vil vi freista å få fram soga om plassen Holme gjennom forteljarkunst og dramatisering. Det vert og lokalmarknad.

## *Holmestova museum:*

Holmestova er ei lemstove frå 1551, og er ein av dei eldste bygningane i Nordhordland.



«Prat i gamal stove» 1999. Foto: Stein Frode Flataker.

## *Sjøbua museum:*

Museum for kysthistorie. Sjøbua frå 1700-talet har vore brukt som bøkkerverkstad, saltebu, butikk og skjenkestove.



*Sjøbua under Kystsogevekene 99. Foto: Stein Frode Flataker.*

### PROGRAM:

**Laurd. 19. og 26. og sund. 20. og 27. aug:**

Utvida historisk spel i Holme om hendingar frå 1900-1950 åra. Arr. Melandsrevyen. Marknad/torg med sal av mange produkt. Arr. marknadsgruppa v/Helen Dale. Aktivitetar knytt til musea som ein del av den lokale marknaden på Holmeknappen. Guidar frå **kl. 1300-1800.** Elles kvar sundag frå 11.06. - 10.09. «Holmeknappen kaikafe» vil vera open for servering av middag ved sida av vanleg kafesal.«Krambua» til Anne Johnsen på Holmeknappen. Sal av kunst/husflid.

**Sundag 27. aug:**

Friluftsgudsteneste på Holmeknappen **kl. 1100.**

Vestbygdmarsjen. Start frå Vestbygd skule. Påmelding/start **kl. 1200-1300.** Arr. Holmemarka Vel.

**19. til 27. aug:**

Nordgardsløa, Frekhaug. Utstilling av Nordhordlandsåkle. Kafé. Arr. Elin Alvær, Ranveig Reigstad.

# Radøy

NORDHORDLAND



*Fiskelykke. Foto Jostein Vågenes*

## Den grøne øya

Tilnamnet «den grøne øya» syner til den vakre og frodige naturen i kommunen. Radøy kommune ligg sentralt i Nordhordland, 40 km nord for Bergen. Arealet er 110 $m^2$ og folketalet er om lag 4600. Kommunen er eit eldorado for friluftsinteresserte. Her kan du spasera på stiar tvers over øya. Du kan fiska i innlandsvatn og på dei mange gode fiskeplassane i sjøen.

## Bogatunet

Bogatunet er eit gardstun frå 1600-talet, i eit historisk kystlandskap og sjøbruksmiljø. Det samanbygde huset inneheld dei fire delane: Eldhus, røykestove, bu med loft og glasstove. Glasstova er yngst og er frå byrjinga av 1800-talet. Loftet over bua vart bygd i 1735. Det vart rive i 1905, seinare vart det rekonstruert. Tidlegare var det svalar kring huset, desse er no borte. Huset viser trekk frå den mellomalderlege byggeskikken i det nordatlantiske kulturområdet. Det er svært få slike bygningar bevart i kyststroka i Vest-Noreg.



*Produksjon av brenseltorv var ein av aktivitetane på Bogatunet i 1999. Foto: Rune Rydland.*

# Hordabø kyrkje

I samband med Hordabø kyrkje sitt 125-årsjubileum vert det skipa til gudsteneste i «gamal stil» sundag 27. august. Prost Kåre Mestad, sokneprest Ingvar Fykse og kyrkjelydsprest Kjell Johan Sekkingstad tek del i gudstenesta. Radøy sogelag har også lagt Bogatunstemna til same dato. Opplegget i kyrkja vil verta samordna med Bogatunstemna.

# Tjorehagen

Tjorehagen med sine 400 ulike rododendronartar og like mange tre og buskar, er vel verd eit besøk. Sesong: April – oktober. For informasjon ring 56 37 11 45.

# Vestnorsk utvandringssenter

Vestnorsk utvandringssenter vart opna 4. juli 1997, og inneheld Emigrantkyrkja, Brampton Lutheran Churc, henta heim frå Nord Dakota, USA. Vidare er det knytt eit unikt utvandrararkiv for Hordaland og Sogn og Fjordane til senteret, og der er reist fire bautasteinar knytt til norskamerikansk historie og til den norske innsatsen i 2. verdskrigen. Det er og henta heim ei skulestove, ei nybyggjarstove og ein lærarbustad frå pionertida.

Opningstider: 1. til 20. juni:
Laurdag/sundag
kl.12.00-18.00
21. juni til 20. august:
Kvar dag kl.12.00-18.00
21. august til 31. august:
Laurdag/sundag
kl. 12.00-18.00

Elles etter avtale
tlf. 56 37 20 00
Pris: Vaksne kr. 20,-,
born over 7 år kr. 10,-
Eige gruppeprogram.



*Emigrantkyrkja – flytta frå Brampton ND, USA. Foto: Roald Straume.*

## PROGRAM:

### Sundag 20. aug:

Sletta. Sogespelet «Amerikafeber» av Johannes Heggland, vert synt fram ved Emigrantkyrkja. Stor jubileumsveke 4.-9. juli på Sletta i samband med 175-årsjubileet for utvandring til Amerika.

### 21. til 25. aug:

Manger. Ein «familie» vil bu på Bogatunet, og levandegjera kvardagen for ein familie på 1850- talet på Strilalandet. Det vert servert tradisjonsrik mat. Ope kl.1200-1800. Elles ope kvar sundag i juli og august kl. 1400-1900.

### Sundag 27. aug:

Radøy sogelag skipar til Bogatunstemna. Vert samordna med arrangementet i Hordabø kyrkje. Utover dette etter avtale med Berit Kvalvik tlf. 56 37 32 73 eller Radøy kulturkontor tlf. 56 34 90 31.

Hordabø kyrkje. Gudsteneste i gamal stil kl. 1100.

Haustdag i Tjorehagen. Hagevandring, haustrabatt på hage- plantar, kaffi og vaflar.

# FRÅ HAV TIL BRE

## SUNNHORDLAND I BERGEN – 19. AUGUST 2000 KL.1800

Laurdag 19.august 2000 «står» Sunnhordland på scenen i Grieghallen.
Regionen vil presentere seg i ei levande og stor festframsyning.
Bømlo Musikal Laug framfører utdrag frå «Jesus Christ Superstar». 3000 menneske såg framføringa i Moster Amfi under Kystsogevekene 1999.
Leirvik Mannskor og Mannskoret Havdur vert «megamannskor» og Halsenøy Storband fylgjer oss gjennom heile kvelden. Sunnhordland er kjend for sin revykunst, og vi møter navn som Øyvind Angeltveit, Ole Bergesen, Katrine Lunde og Christine Hope. Kvedarane Åsne S. Søreide og Marie Malmsten Steinkopf vil vere medå fargelegje kvelden.Bømloteateret viser utdrag frå Kystkabaretane sine i inn- og utland.Smakebitar frå Heggland sitt drama om kong Magnus og Erling Skakke.
Tove Linge Haaland m.fl. frå Fitjar.Kenneth Sivertsen og Tore Kloster.
Naturfotografen Jan Rabben viser oss Sunnhordland.
Ordførarane Aksel Kloster og Lorentz Lunde er i vertskapet.
Etter framsyninga ber Sunnhordland til mottaking i foajeen – Grieghallen.
Arr: Stiftinga Kystsogevekene og Samarbeidsrådet for Sunnhordland

# HORDAMUSEET

«Prat i gamal stove» med Melandsrevyen. Stykket tek utgangspunkt i kvardagsliv i mellomkrigstida. Melandsrevyen har tidlegare vist stykket i Holmestova i Meland.

Framsyninga vil finne stad onsdag 30. aug. **kl.18.00** i Dalestova på Hordamuseet.
Dalestova er eitt av husa i klyngetunet på Hordamuseet.

Hordamuseet er distriktmuseum for kommunane i Nord- og Midthordland, med særleg ansvar for tradisjonelle næringsvegar og dagleglív i regionen. Museet har omfattande samlingar av hus, båtar og gjenstandar. Hordamuseet si nye historiske utstilling «Brød af Steen, Aand af Striler». Fiskarbonden gjennom 1000 år, vil vise noko av denne samlinga.

**Opn.tider: tysdag – fredag og sundag 12-15.**
**Stad: Stend i Fana**

# NORDSTEAM 2000 I BERGEN

*To store folkelige arrangement «braker» sammen i Bergen første helgen i august:*

*Åpning av Kystsogevekene med Håkonaraspelet på Bergenhus Festning og Nordsteam 2000 Bergen i og rundt Vågen med åpningsparade torsdag 3. august og avslutning søndag 6. august.*

*Med 30 veteranskip påmeldt er dette et av de aller største stevner av sitt slag hittil i Norden. Visjonen med Nordsteam er å gjenskape det yrende livet som var på Bergen havn rundt 1950 med frakteskuter, dampbåter og fjordabåter. På land blir det veterantog, veteranbusser, veteranlastebiler og gamle brannbiler. Her blir utstillinger av modeller, maskiner og bilder. Dampskipskro, åpne skip og mye glad musikk. Parader på land og sjø, samt foredrag og andre aktiviteter tilknyttet fjordabåtene og byens maritime tradisjoner.*

*Alle dagene går veteranskipene kortere eller lengre passasjerturer. Noen av turene skulle passe bra for folk som skal til eller fra Håkonarspelet.*

*Opplysninger om rutene og forsalg av billetter: Eget vedlegg til BT kort tid før stevnet, i eget programhefte og ved henvendelse til KB 2000 i Frescohallen eller Nordsteam – internettadresse:*

**www.nordsteam.no**



# KYSTSOGEVEKENE 2000

## 5. AUGUST - 3. SEPTEMBER

| DATO & STAD | AKTIVITET | SJÅ SIDE |
|---|---|---|
| **5. august** | | |
| Bergen/Bergenhus Festn. | Offisiell opning av Kystogevekene 2000<br>Urpremiere Håkonarspelet 2000.. | 3 og 5 |
| Bergen/Vågen | Veteranskipa kjem kl.10.30. Nordsteam 2000. | 39 |
| Bergen/Vågen | Parader, turar med veteranbåtane frå kl.11.00. Nordsteam 2000 | 39 |
| Bergen/Vågen | Fyrverkeri og dampskipsfløyter kl. 24.00. Nordsteam 2000. | 39 |
| Knarvik/Lindås | Dampen går til byd´n. Nordsteam 2000 | 30 – 31 |
| Øygarden | Nordsteam 2000. «Ekskursjon» til Øygarden | 10 – 11 |
| Kvalvåg/Austevoll | Dampskip kjem, teater, mat m.m. | 12 – 13 |
| Fedje | Fyrsafari til Hellisøy fyr. | 26 – 27 |
| Mosterhamn/Bømlo | Mosterfestivalen (ettermiddag/kveld) | 14 – 15 |
| **6. august** | | |
| Bergen/Bergenhus Festn. | Framsyning Håkonarspelet 2000. | 3 og 5 |
| Laksevåg/Bergen | Laksevåg lokalmuseum | 4 – 5 |
| Bjorøy/Brattholmen/<br>Alvøen | «Atløy» går til by´n. Nordsteam 2000 | 4 – 5 |
| Bergen/Vågen | Rundtur rundt Osterøy kl.09.00. Nordsteam 2000 | 39 |
| Bergen | Gudsteneste i Mariakirken kl. 11.00 | 39 |
| Bergen/Vågen | Sundagsturar med veteranskip kl.12.00. Nordsteam 2000 | 39 |
| Bergen/Vågen | Avslutning Nordsteam 2000 | 39 |
| Alvøen/Bergen | Alvøen Hovedgård open.. | 4 – 5 |
| Knarvik/Lindås | Dampen går til byd´n. | 30 – 31 |
| Kvalvåg/Austevoll | Gudsteneste, omvising, marknad, utstilling m.m. | 12 – 13 |
| Ryvarden/Sveio | Opplev historia om Ramna-Floke, utstilling, kafe | 20 – 21 |
| Fedje | Fyrsafari til Hellisøy fyr. | 26 – 27 |

| DATO & STAD | AKTIVITET | SJÅ SIDE |
|---|---|---|
| Mosterhamn/Bømlo | Moster Amfi. Mosterfestivalen (heile dagen) | 14 – 15 |
| **9. august** | | |
| Mathopen/Bergen | Gamaldags bedehuskveld i Vassenden | 4 – 5 |
| Mosterhamn/Bømlo | Moster Amfi. Kulturtimen (formiddag). | 14 – 15 |
| **12. august** | | |
| Fonnes/Austrheim | «Det var ein gong…» på Fonneskaien. | 24 – 25 |
| Masfjordnes/Masfjorden | Opning Sandnes Båt og Sjøbruksmiljø | 32 – 33 |
| Masfjordnes/Masfjorden | Torgdag på Dampskipskaien, omvising. | 32 – 33 |
| Fedje | Fyrsafari til Hellisøy fyr. | 26 – 27 |
| Brandasund/Bømlo | Torghandel, underhaldning, mat m.m. | 14 – 15 |
| Årbakka/Tysnes | Utstilling. Foredrag. | 22 – 23 |
| **13. august** | | |
| Masfjordnes/Masfjorden | Ope nothus, salsmesse. | 32 – 33 |
| Fedje | Fyrsafari til Hellisøy fyr. | 26 – 27 |
| Laksevåg/Bergen | Laksevåg lokalmuseum | 4 – 5 |
| Ryvarden/Sveio | Opplev historia om Ramna-Floke, utstilling, kafé | 20 – 21 |
| Alvøen/Bergen | Alvøen Hovedgård open. | 4 – 5 |
| **14. august** | | |
| Fitjar | Utvandring i 175 år. Seladon på tokt | 16 – 17 |
| **15. august** | | |
| Fitjar | Utvandring i 175 år. Seladon på tokt | 16 – 17 |
| **16. august** | | |
| Fitjar | Utvandring i 175 år. Seladon på tokt | 16 – 17 |

| DATO & STAD | AKTIVITET | SJÅ SIDE |
|---|---|---|
| **17. august** | | |
| Mosterhamn/Bømlo | Senioruniversitetet (formiddag) | 14 – 15 |
| Fitjar | Utvandring i 175 år. Seladon på tokt | 16 – 17 |
| **18. august** | | |
| Fitjar | Utvandring i 175 år. Seladon på tokt | 16 – 17 |
| **19. august** | | |
| Bergen | Sunnhordland i Bergen – festframsyning i Grieghallen | 38 |
| Fedje | Fedjespelet. Torgdag. | 26 – 27 |
| Fedje | Fyrsafari til Hellisøy fyr. | 26 – 27 |
| Matre/Masfjorden | Kulturkafé på Matre Hotell | 32 – 33 |
| Matre/Masfjorden | Omvising i Bjørn West-museet og Trodalssamlinga | 32 – 33 |
| Matre/Masfjorden | Cruise til husmannsplassen Matresøya | 32 – 33 |
| Matre/Masfjorden | Ope hus på Stordalen fjellstove, BKK-Matre | 32 – 33 |
| Matre/Masfjorden | Ope hus: Matre Havbruksstasjon, Einekavaneprosjektet | 32 – 33 |
| Matre/Masfjorden | Kulturkveld og dans. | 32 – 33 |
| Holme/Meland | Historisk spel, torgdag, ope museum, kafe. | 34 – 35 |
| Frekhaug/Meland | Utstilling i Nordgardsløa. | 34 – 35 |
| Alvheim/Øygarden | Fiskefestival | 10 – 11 |
| Færavåg/Tysnes | Nattsvermarkonsert ved Stølstjødno. | 22 – 23 |
| Fitjar | Utvandring i 175 år. Seladon på tokt | 16 – 17 |
| **20. august** | | |
| Lonevåg/Osterøy | «Mat frå fjorden – frå kokegrop til grilling» | 8 – 9 |
| Laksevåg/Bergen | Laksevåg lokalmuseum | 4 – 5 |
| Alvøen/Bergen | Alvøen Hovedgård open. | 4 – 5 |

| DATO & STAD | AKTIVITET | SJÅ SIDE |
|---|---|---|
| Sletta/Radøy | «Amerikafeber» i Emigrantkyrkja | 36 – 37 |
| Byrknes/Gulen | Galeasen «Svanhild». Utstilling om bord. | 28 – 29 |
| Eivindvik/Gulen | Niels Griis Alstrup Dahl – dagen | 28 – 29 |
| Matre/Masfjorden | Bjørn West-marsjen. | 32 – 33 |
| Matre/Masfjorden | Bjørn West-museet og Trodalssamlinga | 32 – 33 |
| Matre Masfjorden | Stordalen Fjellstove har ope hus | 32 – 33 |
| Holme/Meland | Historisk spel, torgdag, ope museum, kafe. | 34 – 35 |
| Frekhaug/Meland | Utstilling i Nordgardsløa. | 34 – 35 |
| Fedje | Fyrsafari til Hellisøy fyr | 26 – 27 |
| Hufthamar/Austevoll | Øyhopping, omvisning, mat, underhaldning | 12 – 13 |
| Tittelsnes/Sveio | Strandhogg på den gamle dampskipskaien. | 20 – 21 |
| Leirvåg/Sveio | Friluftsgudsteneste på Kolerakyrkjegarden. | 20 – 21 |
| Ryvarden/Sveio | Opplev historia om Ramna-Floke, utstilling, kafe | 20 – 21 |
| Seim/Lindås | Jazz/visekonsert | 30 – 31 |
| **21. august** | | |
| Manger/Radøy | Ein «familie» bur på Bogatunet | 36 – 37 |
| Frekhaug/Meland | Utstilling i Nordgardsløa. | 34 – 35 |
| Fitjar | «Seladon» ligg ved kai | 16 – 17 |
| **22. august** | | |
| Manger/Radøy | Ein «familie» bur på Bogatunet | 36 – 37 |
| Frekhaug/Meland | Utstilling i Nordgardsløa. | 34 – 35 |
| Fitjar | Konsert i biblioteket | 16 – 17 |
| Fitjar | «Seladon» ligg ved kai | 16 – 17 |
| **23. august** | | |
| Manger/Radøy | Ein «familie» bur på Bogatunet | 36 – 37 |

| DATO & STAD | AKTIVITET | SJÅ SIDE |
|---|---|---|
| Frekhaug/Meland | Utstilling i Nordgardsløa. | 34 – 35 |
| Fitjar | Mattradisjon – lokalmat i Fitjar. | 16 – 17 |
| Fitjar | «Seladon» ligg ved kai | 16 – 17 |

## 24. august

| | | |
|---|---|---|
| Manger/Radøy | Ein «familie» bur på Bogatunet. | 36 – 37 |
| Frekhaug/Meland | Utstilling i Nordgardsløa. | 34 – 35 |
| Fitjar | Barneteater. Tradisjonsleikar | 16 – 17 |
| Fitjar | «Seladon» ligg ved kai | 16 – 17 |
| Leirvik/Stord | «Der hav og land møtest. Liv og .....» | 18 – 19 |
| Mosterhamn/Bømlo | Moster Amfi. Undervisning (formiddag) | 14 – 15 |

## 25. august

| | | |
|---|---|---|
| Manger/Radøy | Ein «familie» bur på Bogatunet. | 36 – 37 |
| Frekhaug/Meland | Utstilling i Nordgardsløa. | 34 – 35 |
| Hovda/Sveio | Gullstivandring og torvdag. Skule/barnehage | 20 – 21 |
| Fitjar | «Seladon» ligg ved kai | 16 – 17 |

## 26. august

| | | |
|---|---|---|
| Bekkjarvik/Austevoll | Torgdag. | 12 – 13 |
| Bekkjarvik/Austevoll | «Hamp og Havstril i Hengjo» | 12 – 13 |
| Sønstabø/Bømlo | Opning av signalstasjon frå 1807. | 14 – 15 |
| Sagvåg/Stord | Vervadag på Jensaneset | 18 – 19 |
| Hovda/Sveio | Gullstivandring og torvdag | 20 – 21 |
| Våge/Tysnes | KM for Oselvar Bermudaklassen. | 22 – 23 |
| Risnes/Masfjorden | Risnes kai, ekskursjon til oppdrettsanlegg | 32 – 33 |
| Risnes/Masfjorden | Skulemuseum, ope fiskemottak, salsutstilling. | 32 – 33 |
| Holme/Meland | Historisk spel, torgdag, ope museum, kafe.. | 34 – 35 |

| DATO & STAD | AKTIVITET | SJÅ SIDE |
|---|---|---|
| Frekhaug/Meland | Utstilling i Nordgardsløa. | 34 – 35 |
| Fedje | Fyrsafari til Hellisøy fyr. | 26 – 27 |
| **27. august** | | |
| Manger/Radøy | Bogatunstemna | 36 – 37 |
| Manger/Radøy | Hordabø kyrkje – gudsteneste i gamal stil. | 36 – 37 |
| Radøy | Haustdag i Tjorehagen. | 36 – 37 |
| Holme/Meland | Historisk spel, torgdag, ope museum, kafe.. | 34 – 35 |
| Holme/Meland | Vestbygdmarsjen. | 34 – 35 |
| Holme/Meland | Friluftsgudsteneste. | 34 – 35 |
| Frekhaug/Meland | Utstilling i Nordgardsløa. | 34 – 35 |
| Sellevåg/Gulen | Sellevåg Treskofabrikk. Omvising. | 28 – 29 |
| Risnes/Masfjorden | Friluftsgudsteneste. | 32 – 33 |
| Risnes/Masfjorden | Øyvandring. | 32 – 33 |
| Fedje | Fyrsafari til Hellisøy fyr. | 26 – 27 |
| Ovågen/Øygarden | Kystkulturdag – Havstril 2000. | 10 – 11 |
| Laksevåg/Bergen | Laksevåg lokalmuseum | 4 – 5 |
| Alvøen/Bergen | Alvøen Hovedgård open.. | 4 – 5 |
| Bekkjarvik/Austevoll | Friluftsgudsteneste på Skjeret | 12 – 13 |
| Bekkjarvik/Austevoll | Øyhopping med «Granvin» | 12 – 13 |
| Lykling/Bømlo | Gruvevandring. | 14 – 15 |
| Sagvåg/Stord | Friluftsgudsteneste på Verven | 18 – 19 |
| Ryvarden/Sveio | Opplev historia om Ramna-Floke, utstilling, kafe | 20 – 21 |
| Våge/Tysnes | KM for Oselvar Bermudaklassen. | 22 – 23 |
| Mosterhamn/Bømlo | Konsert (formiddag) | 14 – 15 |
| **29. august** | | |
| Mosterhamn/Bømlo | Undervisning (formiddag). | 14 – 15 |

| DATO & STAD | AKTIVITET | SJÅ SIDE |
|---|---|---|
| **30. august** | | |
| Fitjar | «Foreningskånene» utstilling, foredrag m.m. | 16 – 17 |
| Stend/Bergen | Hordamuseet. «Prat i gamal stove» | 38 |
| **31. august** | | |
| Mosterhamn/Bømlo | Senioruniversitetet (formiddag) | 14 – 15 |
| **1. september** | | |
| Eivindvik/Gulen | Rettshistorisk seminar | 28 – 29 |
| Langevåg/Bømlo | Båtkonvoi, båtane samlast | 14 – 15 |
| Osøyro/Os | Fiskekonkurranse | 6 – 7 |
| **2. september** | | |
| Eivindvik/Gulen | Rettshistorisk seminar | 28 – 29 |
| Mjømna/Gulen | Krabbefest, musikk og dans | 28 – 29 |
| Fedje | Fyrsafari til Hellisøy fyr | 26 – 27 |
| Tjeldstø/Øygarden | Konsert i Hjelme gamle kyrkje | 10 – 11 |
| Osøyro/Os | Torgdag, gratis frukost | 6 – 7 |
| Osøyro/Os | Ope hus på Oselvarverkstaden | 6 – 7 |
| Osøyro/Os | Oselvarmønstring, roregatta, båtutlån | 6 – 7 |
| Osøyro/Os | Barneteater i Fjellheim | 6 – 7 |
| Osøyro/Os | Konsert og bryggjedans | 6 – 7 |
| Espevær/Bømlo | Espeværdagen | 14 – 15 |
| Langevåg/Bømlo | Frukost på kaien. Båtkonvoi startar. | 14 – 15 |
| Mosterhamn/Bømlo | Kulturlaurdag (formiddag) | 15 |
| Nedrevåge/Tysnes | «Tysnesmytar – i gudinna sine fotefar» | 22 – 23 |

| DATO & STAD | AKTIVITET | SJÅ SIDE |
|---|---|---|
| **3. september** | | |
| Osøyro/Os | Vandring på gamle kyrkjevegar | 6 – 7 |
| Osøyro/Os | Gudsteneste i Os kyrkje | 6 – 7 |
| Osøyro/Os | Seglregatta | 6 – 7 |
| Espevær/Bømlo | Båtkonvoi gjennom kanalane på Bømlo | 14 – 15 |
| Mosterhamn/Bømlo | Moster Amfi. Avslutningsarrangement, Kystsogevekene 2000 i Sunnhordland | 14 – 15 |
| Ryvarden/Sveio | Opplev historia om Ramna-Floke, utstilling, kafe | 20 – 21 |
| Midt Takle/Gulen | Open dag i restaurert vassbruksanlegg | 28 – 29 |
| Fedje | Fyrsafari til Hellisøy fyr | 26 – 27 |
| Laksevåg/Bergen | Laksevåg lokalmuseum | 4 – 5 |
| Tjeldstø/Øygarden | Festgudsteneste i Hjelme gamle kyrkje | 10 – 11 |
| **Museum/ samlingar:** | | |
| Damsgård Hovedgård | | 4 – 5 |
| Osterøy museum | | 8 – 9 |
| Havråtunet | | 8 – 9 |
| Kystmuseet i Øygarden | | 10 – 11 |
| Moster kyrkje historisk senter | | 14 – 15 |
| Sunnhordland Folkemuseum | | 18 – 19 |
| Årbakkaområdet | | 22 – 23 |
| Gulen fiskarbondemuseum | | 28 – 29 |
| Herresalen i Eivindvik | Kunstutstilling | 28 – 29 |
| Lyngheisenteret | | 30 – 31 |
| Bjørn West museet | | 32 – 33 |
| Utvandrarsenteret | | 36 – 37 |
| Hordamuseet | | 38 |

**Gulen**

**Masfjorden**

**Fedje**

**Lindås**

**Radøy**

**Meland**

**Austrheim**

**Osterøy**

**Bergen**

**Øygarden**

**Os**

**Fitjar**

**Austevoll**

**Bømlo**

**Stord**

**Sveio**

**Tysnes**




Stiftinga Kystsogevekene: Postboks 243, 5445 Bremnes, tlf.: 53 42 46 64